



11.11.19

Radøy kommune
v/kommunalsjef for Oppvekst Olaf M. Hella

Høyringsuttale forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2020-21.

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage ønskjer å gi følgjande innspel til Skule- og Barnehage ruta 2020-21 :

- I forslaget står det planleggingsdagar 11.08.20 og 12.08.20 og start av barnehageåret 13.08.20. Det skal være 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. Derfor må enten planleggingsdagane flyttast til 13. og 14. august, eller barnehageåret må starte 11.august.
- Samarbeidsutvalet vurderer det vil være ei betre løysing å ha planleggingsdagar torsdag 13.08.20 og fredag 14.08.20. Da får dei nye barna tilvenningsdagar mandag til onsdag i veke 34 og 2 «vanlege» barnehagedagar torsdag og fredag i same veke. Vi vurderer at dette blir ei betre løysing sett frå barneperspektivet. Barnehagen har fått tilbakemelding frå foreldre at det ikkje vart opplevd som ei god løysing med 2 tilvenningsdagar før helg og 1 etter helg slik vi har gjort i år.
Merknad: Basert på tilbakemeldingar vi har fått tidlegare år er det viktig for foreldre at barnehage og skule har dei same planleggingsdagane, så dersom ein flyttar barnehagen sine planleggingsdagar bør ein vurdere å gjere det same for skule.

På vegne av Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage

Christine H. Teigland
Christine H. Teigland
Styrar